



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 914 725 739
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: NORDSJØ FJORDBRUK AS
Forretningsadresse: Røyksundvegen 68
5440 MOSTERHAMN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Helge M. Nesse
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 17.07.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekt		1 608 186 876	1 029 593 817
Andre driftsinntekter		3 034 123	274 650 487
Sum inntekter	1	1 611 220 999	1 304 244 304
Kostnader			
Endring i beholdning av varer under tilverking og ferdig tilverka varer		231 168 000	-257 708 000
Varekostnad	1	644 194 390	769 349 921
Lønskostnad	2	30 056 268	31 691 939
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	21 927 059	25 821 716
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3		
Andre driftskostnader	1, 2	243 092 884	283 023 576
Sum kostnader		1 170 438 600	852 179 152
Driftsresultat		440 782 399	452 065 151
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		33 720 760	7 230 465
Anna finansinntekt		13 669	7 290
Sum finansinntekter		33 734 428	7 237 755
Annan rentekostnad		4 903 094	5 300 404
Sum finanskostnader		4 903 094	5 300 404
Netto finans		28 831 335	1 937 351
Ordinært resultat før skattekostnad		469 613 733	454 002 502
Skattekostnad på resultat	4	353 648 445	99 906 049
Ordinært resultat etter skattekostnad		115 965 288	354 096 453
Årsresultat	5	115 965 288	354 096 453
Årsresultat etter minoritetsinteresser		115 965 288	354 096 453



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Totalresultat		115 965 288	354 096 453
Overføringer og disponeringar			
Konsernbidrag		156 000 000	225 420 000
Avsett til annan eigenkapital			128 676 453
Overført frå annan eigenkapital		-40 034 712	
Sum overføringar og disponeringar		115 965 288	354 096 453



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Forsking og utvikling	3		
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	29 460 000	29 460 000
Utsett skattefordel	3, 4		
Goodwill	3		
Sum immaterielle egedelar		29 460 000	29 460 000
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3, 6		
Oppdrettsutstyr	3, 6	87 527 542	89 619 687
Båtar	3, 6	39 603 693	1 041 693
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	229 500	216 800
Sum varige driftsmiddel		127 360 735	90 878 180
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og andelar		5 001	5 001
Sum finansielle anleggsmiddel		5 001	5 001
Sum anleggsmiddel		156 825 736	120 343 181
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	6, 7	239 155 384	476 699 000
Krav			
Kundefordringar	6, 8	6 499 853	311 701 549
Andre fordringar	8	16 861 880	43 418 347
Konsernkrav	8	844 635 800	248 844 169
Sum krav		867 997 533	603 964 065
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	2, 8	1 410 406	1 520 457
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 410 406	1 520 457



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum omløpsmiddel		1 108 563 323	1 082 183 522
SUM EIGEDLAR		1 265 389 059	1 202 526 703

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	5, 9	567 946	567 946
Behaldning av egne aksjar	5		
Overkurs	5	12 240 000	12 240 000
Annan innskoten eigenkapital	5	206 252 128	206 252 128
Sum innskoten eigenkapital	5	219 060 074	219 060 074

Opptent eigenkapital

Fond for vurderingsforskjellar	5		
Annan eigenkapital	5	152 488 582	192 523 294
Udisponert resultat	5		
Udekt tap	5		
Sum opptent eigenkapital	5	152 488 582	192 523 294

Sum eigenkapital	5	371 548 656	411 583 368
-------------------------	----------	--------------------	--------------------

Gjeld

Langsiktig gjeld

Utsett skatt	4	119 077 971	90 401 172
Sum avsetjingar for plikter		119 077 971	90 401 172

Anna langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 10	1 108 583	2 967 001
Sum anna langsiktig gjeld		1 108 583	2 967 001

Sum langsiktig gjeld		120 186 554	93 368 173
-----------------------------	--	--------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	8	293 760 248	369 931 781
Betalbar skatt	4	268 385 524	28 452 307
Skuldige offentlege avgifter		1 887 014	4 338 764



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Kortsiktig konserngjeld	6, 8		
Anna kortsiktig gjeld		209 621 063	294 852 310
Sum kortsiktig gjeld		773 653 849	697 575 162
Sum gjeld		893 840 403	790 943 335
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 265 389 059	1 202 526 703



Årsrekneskap 2023

Nordsjø
Fjordbruk AS

Alsaker  Fjordbruk



Utskifting av hovudfortøyning på Onarøy, juni 2024.
FOTO: Lena Vermedal.



Årsmelding 2023

Nordsjø Fjordbruk AS

Verksemda

Nordsjø Fjordbruk AS driv med matfiskoppdrett av laks. Produksjonen av laks skjer på lokalitetar i kommunane Bømlo, Etne, Kvinnherad og Tysnes i Hordaland. Hovudadministrasjonen for selskapet ligg på Onarheim i Sunnhordland.

Selskapet har innfusjonert Sunnhordland Fjordbruk AS og Tysnes Fjordbruk AS i 2023 med verking frå 1. januar 2023. Alle tal for 2022 er omarbeidde for å gje god samanlikning med 2023 tala.

Resultat og drift for 2023

Nordsjø Fjordbruk AS fekk eit resultat før skatt på kr 469,6 millionar. Dette er ei lita auke frå 454 millionar i 2022.

Produksjonen har i all hovudsak gått i samsvar med planar. Nordsjø Fjordbruk AS har lagt ned mykje arbeid i oppfølging av lakselus. Nivået av lakselus har gjennom heile 2023 lege under gjeldande krav sett av styresmaktene.

Produksjonskapasiteten pr konsesjon blir i dag regulert ut frå ei ordning med maksimal tillat biomasse (MTB). Dette gir ein fleksibilitet for selskapet/konsernet, som er viktig i vårt arbeid med mellom anna å styrke fiskehelsa. Nordsjø Fjordbruk AS har ein samla MTB på 5 967 tonn i 2023.

I Hordaland er matfiskproduksjonen fordelt på 7 ulike sonar for brakklegging. Lokalitetane til Nordsjø Fjordbruk AS er innanfor fire av desse.

Det var to utbrot av fiskesjukdomen infeksiøs lakseanemi (ILA) ved selskapet i 2023. Denne fisken vart raskt utslakta utan tap av fisk. Det er likevel påført store kostnadar ved dei omfattande krava frå Mattilsynet som gjeld, både for lokalitetane som vert ramma av ILA, men også for nabolokalitetar.

Ein har i selskapet framleis sterk fokus på effektiv drift og kostnadskontroll.

Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i selskapet, både i samband med planlegging av investeringar og i den daglege drifta. Det er lagt vekt på å investere i anlegg, flåtar og båtar som lettar og trygger arbeidet for dei tilsette. Mange av flåtane har egne bustader med gode fasilitetar.



Årsmelding 2023

Nordsjø Fjordbruk AS

Sjuefråvær:

Nordsjø Fjordbruk	2023	2022
Korttidssjuefråvær	2,6 %	2,6 %
Langtidssjuefråvær	1,5 %	1,6 %
Sum sjuefråvær	4,1 %	4,2 %

Det har ikkje vore arbeidsulykker med alvorleg personskaade ved selskapet sine arbeidsplassar dette året.

Ytre miljø og berekraft

Drifta i Nordsjø Fjordbruk AS har i 2023 vore i samsvar med dei løyve som er gitt frå myndigheitene. Selskapet sin aktivitet er direkte knytt til dei naturgjevne forholda i området der ein er lokalisert.

Likestilling

Av selskapet sine 31 fast tilsette er det 7 kvinner. Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, t.d. i saker som gjeld tilsetjing, lønn, avansement og rekruttering. Styret er sett saman av 3 medlemmer (menn).

Selskapet har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Alsaker-konsernet, som selskapet er ei del av, har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.

Openheitslova

Alsaker-konsernet, som Nordsjø Fjordbruk AS er ein del av, er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022. I tråd med krava, om årleg gjennomgang, blei det offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane for første gong innan fristen 30.06.2023. Dette blei gjort gjennom publisering på vår heimeside www.alsaker.no. Det vart i 2023 implementert system som mellom anna inkluderer kartlegging og risikovurdering av eiga verksemd og leverandørkjede i høve til krava som følgjer av offentleglova. Konsernet har også system for mottak, handsaming og arkivering av innsynsførespurnadar..

Forsikring for styre og leiande tilsette

Det er teikna ordinær forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvar som dei kan pådrag seg i samband med utføring av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

Forsking og utvikling

Selskapet har, til liks med dei andre selskapa i konsernet, ei høg innovasjonstakt.



Årsmelding 2023

Nordsjø Fjordbruk AS

Finansiell risiko

Marknads- og valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90 % av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU, der hovudvalutaen er euro.

I tillegg vil selskapet vere eksponert mot endringar i rentenivå då gjelda p.t. har flytande rente.

Kredittrisiko

Historisk har selskapet ikkje hatt tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker konsern, som Nordsjø Fjordbruk AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringar vil, som eit utgangspunkt, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Konsernet har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid. Selskapet tek del i Alsaker AS si konsernkontoordning.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga viser kr 944,9 millionar frå operasjonelle aktivitetar. Høg positiv kontantstraum er plassert som innskot på Alsaker AS si konsernkontoordning.

Forslag til disponering av resultat

Styret meiner at den avlagte rekneskapen gjev eit rettvise bilete av den økonomiske stillinga for Nordsjø Fjordbruk AS, og føreslår at overskotet på kr 115 965 288 blir disponert på følgjande måte:

Nordsjø Fjordbruk AS	2023
Avsett til konsernbidrag	156 000 000
Overført frå annan eigenkapital	40 034 712
Sum disponert	115 965 288



Årsmelding 2023

Nordsjø Fjordbruk AS

Drift hittil i 2024, samt utsiktene framover

Første del av 2024 har stort sett gått som planlagt for selskapet. Sjøtemperaturen denne vinteren har stort sett vore på nivå med det som er normalt for årstida. Dette har resultert i at føring og tilvekst er som forventa.

I samband med trafikklyssystemet er det vedteke nedtrekk for produksjonsområde 3 frå og med september 2024. Nedtrekket vil vere på 6% og vil redusere selskapet sin MTB for løyver i produksjonsområde 3.

Andre forhold

Det er framleis mange uklare forhold knytt til gjennomføring av grunnrenteskatten norske myndigheiter innførte med verknad frå 01.01.23. Skattemyndigheitene har framleis ikkje presentert naudsynte likningsskjema, og er kraftig forseinka. Med verknad frå 01.07.24 vil det bli innført normprisar for laks i samband med berekning av grunnrenteinntekt. Korleis dette skal gå føre seg, og konsekvensane av normprisar for konsernet er framleis uklare.

Styret vil presisere at det er knytt usikkerheit til vurderingar om framtidige forhold.

Styret vil til slutt takke dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 21. juni 2024

Gerhard Meidell Alsaker
(styreleiar)

Helge M. Nesse
(nestleiar styre)

Hans Helge Vik
(styremedlem, dagleg leiar)






Resultatrekneskap			
Nordsjø Fjordbruk AS			
	Note	2023	2022
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salsinntekt		1 608 186 876	1 029 593 817
Andre driftsinntekter		3 034 123	274 650 487
Sum driftsinntekter	1	1 611 220 999	1 304 244 304
Beholdningsendring		231 168 000	-257 708 000
Varekostnad	1	644 194 390	769 349 921
Lønskostnad	2	30 056 268	31 691 939
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle eiendelar		21 927 059	25 821 716
Andre driftskostnader	1, 2	243 092 884	283 023 576
Sum driftskostnader		1 170 438 600	852 179 152
Driftsresultat		440 782 399	452 065 151
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		33 720 760	7 230 465
Anna finansinntekt		13 669	7 290
Annan rentekostnad		4 903 094	5 300 404
Resultat av finanspostar		28 831 335	1 937 351
Resultat før skattekostnad		469 613 733	454 002 502
Skattekostnad på resultat	4	353 648 445	99 906 049
Resultat		115 965 288	354 096 453
Årsresultat	5	115 965 288	354 096 453
OVERFØRINGAR			
Avsett konsernbidrag		156 000 000	225 420 000
Avsett til annan egenkapital		0	128 676 453
Overført frå annan egenkapital		-40 034 712	0
Sum overføringar		115 965 288	354 096 453
Nordsjø Fjordbruk AS		Side 1	



Balanse			
Nordsjø Fjordbruk AS			
EIGEDELAR	Note	2023	2022
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle egedelar:			
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	29 460 000	29 460 000
Sum immaterielle egedelar		29 460 000	29 460 000
Varige driftsmidler:			
Oppdrettsutstyr	3, 6	87 527 542	89 619 687
Båtar	3, 6	39 603 693	1 041 693
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	229 500	216 800
Sum varige driftsmidler		127 360 735	90 878 180
Investeringar i aksjar og andelar		5 001	5 001
Sum finansielle anleggsmidler		5 001	5 001
Sum anleggsmidler		<u>156 825 736</u>	<u>120 343 181</u>
OMLØPSMIDLER			
Varer	6, 7	239 155 384	476 699 000
Fordringar:			
Kundefordringar	6, 8	6 499 853	311 701 549
Andre fordringar	8	16 861 880	43 418 347
Innskot konsernkonto-ordning	8	844 635 800	248 844 169
Sum fordringar		<u>867 997 533</u>	<u>603 964 065</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2, 8	1 410 406	1 520 457
Sum omløpsmiddel		<u>1 108 563 323</u>	<u>1 082 183 522</u>
Sum egedelar		<u>1 265 389 059</u>	<u>1 202 526 703</u>
Nordsjø Fjordbruk AS		Side 2	



Balanse			
Nordsjø Fjordbruk AS			
EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital:			
Aksjekapital	5, 9	567 946	567 946
Overkurs	5	12 240 000	12 240 000
Innskoten annan egenkapital	5	206 252 128	206 252 128
Sum innskoten egenkapital	5	<u>219 060 074</u>	<u>219 060 074</u>
Opptent egenkapital:			
Annan egenkapital	5	152 488 582	192 523 294
Sum opptent egenkapital	5	<u>152 488 582</u>	<u>192 523 294</u>
Sum egenkapital	5	<u>371 548 656</u>	<u>411 583 368</u>
GJELD			
Avsetning for forpliktingar:			
Utsett skatt	4	119 077 971	90 401 172
Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 10	1 108 583	2 967 001
Sum anna langsiktig gjeld		1 108 583	2 967 001
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld	8	293 760 248	369 931 781
Betalbar skatt	4	268 385 524	28 452 307
Skuldige offentlege avgifter		1 887 014	4 338 764
Anna kortsiktig gjeld		209 621 063	294 852 310
Sum kortsiktig gjeld		<u>773 653 849</u>	<u>697 575 162</u>
Sum gjeld		<u>893 840 403</u>	<u>790 943 335</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>1 265 389 059</u>	<u>1 202 526 703</u>
Onarheim, 21.06.2024			
Styret i Nordsjø Fjordbruk AS			
 Gerhard Meidell Alsaker styreleiar	 Helge Mandius Nesse nestleiar	 Hans Helge Vik styremedlem/dagleg leiar	
Nordsjø Fjordbruk AS		Side 3	



Kontantstrømoppstilling			
Nordsjø Fjordbruk AS			
	Note	2023	2022
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
Resultat før skattekostnad		469 613 733	454 002 502
Betalt skatt i perioden		41 038 429	52 553 742
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-34 123	-81 329 487
Ordinære avskrivninger		21 927 059	25 821 716
Endring i varelager		237 543 616	-266 566 000
Endring i kundefordringer		305 201 696	-260 249 496
Endring i leverandørgjeld		-76 171 533	229 489 754
Endring i andre tidsavgrensingsposter		27 873 470	4 951 701
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitet		<u>944 915 489</u>	<u>53 566 948</u>
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidler		470 000	137 900 000
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		58 845 491	13 828 557
Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet		<u>-58 375 491</u>	<u>124 071 443</u>
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		1 858 418	2 520 265
Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordni		-595 791 631	-1 049 355
Utbetalinger av konsernbidrag		289 000 000	173 600 000
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivite		<u>-886 650 049</u>	<u>-177 169 620</u>
Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.		<u>-110 051</u>	<u>468 771</u>
Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 01.		1 520 457	1 051 686
Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. p		<u>1 410 406</u>	<u>1 520 457</u>
Nordsjø Fjordbruk AS		Side 4	



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle poster verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelser, og reglane som følger av god rekneskapskikk.

Selskapet har innfusjonert Sunnhordland Fjordbruk AS og Tysnes Fjordbruk AS i 2023 med virkning frå 1. januar 2023. Alle tal for 2022 er omarbeidde for å gi god samanlikning med 2023 tala.

Driftsinntekter og -kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

Leasing

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtale. Dersom hovuddelen av den økonomiske risiko og kontroll knytt til leigeobjektet er gått over på leigetakar, vert avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmidlar i leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmidlar. Avdragsdelen av leigeforpliktinga blir vist som langsiktig gjeld. Denne gjelda blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Konsesjonar og goodwill

Konsesjonar i balansen representerer erverva konsesjonar gjennom oppkjøp. I tillegg er det for alle konsesjonar som ikkje er erverva, gjort rekneskapsmessig oppskrivning i 1998. I Norge er det ingen tidsbegrensingar på konsesjonar. Ordinære avskrivningar på konsesjonar blir såleis ikkje gjennomført.

Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemd utover verdien av konsesjon. Ut frå ein vurdering av levetid for goodwill, som mellom anna representerer verdien på selskapet sine lokalitetar, samt synergigevinstar og stordriftsfordelar i konsernet, blir goodwill avskrive over maksimalt 10 år.

Varebeholdning

Behaldning av fisk i sjø er vurdert til den lågaste av full tilverknadskost og forventa salspris. Innkjøpte råvarer er vurdert til innkjøpspris. Til grunn for full tilverknadskost vert nytta gjennomsnittleg tilverknadskostnad for alle selskap i konsernet.

Fordringar

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskaper er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i NOK. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden er EU der hovudvalutaen er euro.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillingen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Mørselskap

Mørselskap til Nordsjø Fjordbruk AS er Alsaker Fjordbruk AS på Onarheim i Tysnes kommune. Nordsjø Fjordbruk AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 1 Transaksjoner med nærstående partar

Sal av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2023	2022
Selskap i Alsaker-konsernet	Leigeinntekt MTB, prod.avg	2 241 197	197 666 328
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimer	1 207 502	973 175
Selskap i Alsaker-konsernet	Salg av anleggsmidler	0	137 900 000
Sum sal av varer og tenester		3 448 699	336 539 503

Selskapet selger deler av sitt volum av laks til Ocean Supreme AS. Holdingselskapet Ocean Supreme Holding AS er eid 32,2% av Alsaker Fjordbruk AS. All handel skjer til gjeldande marknadspis.

Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2023	2022
Morselskap	Kjøp av adm. tenester	26 636 333	22 745 296
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av smolt	87 372 497	130 270 600
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av rensefisk	20 638 631	7 252 707
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av pakketenester	64 241 293	39 529 054
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt	112 495 232	107 217 308
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av eiendom/base mm.	14 294 708	1 905 175
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av prod.kap/prod.avg.	114 300 000	183 783 000
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimer	1 084 506	2 901 265
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikeh.tenester, varer	10 443 353	6 645 777
Sum kjøp av varer og tenester		451 506 553	502 250 181



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringsar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønskostnader	2023	2022
Lønningar mm	25 362 207	27 183 934
Arbeidsgjevaravgift	2 850 642	2 794 304
Pensjonskostnader	889 689	761 008
Andre ytingar	953 730	952 694
Sum	30 056 268	31 691 939

Gjennomsnittleg antall årsverk 35,8 36,3

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	0	0
Anna godtgjeringsar	0	0
Sum	0	0

Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytte til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.

Obligatorisk tenestepensjon (OTP):

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Ein har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette, som oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Kostnadsførte honorarer til revisor og revisor sitt advokatkontor fordeler seg på:

Tekst	2023	2022
Lovpålagt revisjon	169 000	131 500
Andre tenester	84 000	0
Sum	253 000	131 500

Bundne skattetrekksmidlar:

Tekst	2023	2022
Skattetrekkskonto pr 31.12	1 410 406	1 520 457



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

Immaterielle eiendeler:

	Konsesjonar	Goodwill	SUM
Anskaffelsekost 01.01	29 460 000	6 000 000	35 460 000
Tilgong i året			0
Avgong i året			0
Anskaffelsekost 31.12	29 460 000	6 000 000	35 460 000
Samla av- og nedskrivning		6 000 000	6 000 000
Bokført verdi 31.12.	29 460 000	0	29 460 000
Ord. av- og nedsk. i år			
Økonomisk levetid		ca 10 år	
Avskrivingsplan		Lineær	

Varige driftsmidler:

	Tomter og bygninger	Oppdrettsutstyr	Båtar	Driftsløysere, inventar o.l.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	711 908	358 634 312	7 822 107	843 987	368 012 314
Tilgong i året		19 378 784	39 386 542	80 165	58 845 491
Avgong i året		435 877			435 877
Anskaffelsekost 31.12	711 908	377 577 219	47 208 649	924 152	426 421 928
Samla av- og nedskrivning	711 908	290 049 677	7 604 956	694 652	299 061 193
Bokført verdi 31.12.	0	87 527 542	39 603 693	229 500	127 360 735
Ord. av- og nedsk. i år		21 035 052	824 542	67 465	21 927 059
Økonomisk levetid	3-30 år	3-30 år	15-20 år	3-10 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 4 - Skatt

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2023	2022
Skatt på alminnelig inntekt:		
Betalbar skatt	82 417 717	28 452 307
Skatteeffekten av konsernbidrag	44 000 000	23 980 000
Endring utsett skatt/skattefordel	-23 096 389	47 473 742
Skattekostnad på alminnelig inntekt	103 321 329	99 906 049
<i>Effektiv skattesats med skattesats 22%</i>	<i>22,0 %</i>	<i>22,0 %</i>
Skatt på grunnrente:		
Betalbar skatt	198 553 929	0
Implementeringseffekt utsett skatt	109 565 188	0
Endring utsett skatt/skattefordel	-57 792 000	0
Skattekostnad på grunnrente	250 327 117	0
<i>Effektiv skattesats med skattesats 25%</i>	<i>53,3 %</i>	<i>0,0 %</i>
Skattekostnad på ordinært resultat	353 648 445	99 906 049
<i>Effektiv skattesats samla</i>	<i>75,3 %</i>	<i>22,0 %</i>

Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2023	2022
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	469 613 733	454 002 502
Endring i midlertidige forskjellar	241 510 810	-289 279 117
Andre permanente forskjellar	28 669	115 903
Endring i framførbart underskot	-136 527 225	73 489 381
Avgitt konsernbidrag med skatteeffekt	-200 000 000	-289 000 000
Mottatt konsernbidrag	0	180 000 000
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt	374 625 987	129 328 669
Grunnlag betalbar skatt grunnrente:		
Nettoinntekt før samordning	638 135 135	0
Bunnfradrag (netto)	-18 646 875	0
Grunnlag betalbar skatt grunnrente	619 488 260	0

Nettoinntekt og bunnfradrag (netto) er beregnet etter fradrag for alminnelig inntektsskatt på 22%.



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2023	2022
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	82 417 717	28 452 307
Betalbar skatt på grunnrente	198 553 929	0
Betalt produksjonsavgift	-12 586 122	0
Betalt forskotsskatt	-1	0
Betalbar skatt i balansen	268 385 524	28 452 307

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2023	2022	Endring
Forskjeller alminnelig inntekt:			
Varelager	230 999 000	462 167 000	231 168 000
Varige driftsmidler	1 107 075	-3 447 407	-4 554 482
Gevinst- og tapskonto	56 900 039	71 125 048	14 225 010
Balansførte leasingavtaler	16 924 717	17 596 999	672 282
Framførbart underskot	0	-136 527 225	-136 527 225
SUM	305 930 831	410 914 416	104 983 585
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
Utsett skatt alminnelig inntekt	67 304 783	90 401 171	23 096 389
Forskjeller grunnrente:			
Fiskebeholdning	230 999 000	462 167 000	231 168 000
Bunnfrådrag (brutto)	-23 906 250	-23 906 250	0
SUM	207 092 750	438 260 750	231 168 000
Skattesats som er nytta:	25 %		
Utsett skatt grunnrente	51 773 188	109 565 188	57 792 000
Utsett skatt samla	119 077 970	199 966 359	80 888 389

Berekna utsett skatt grunnrente 01.01.2023 er ført som implementeringskostnad i skattekostnaden og lagt inn i matrisa over som forskjeller grunnrente 2022.



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 5 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2022	567 946	12 240 000	206 252 128	192 523 294	411 583 368
Resultat i år				115 965 288	115 965 288
Konsernbidrag avgitt				-156 000 000	-156 000 000
Pr 31.12.2023	567 946	12 240 000	206 252 128	152 488 582	371 548 656

Note 6 Pantestillingar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2023	2022
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 108 583	2 967 001
Sum	1 108 583	2 967 001

Bokført verdi av egedelar stilt som sikkerheit for pantesikra gjeld:

	2023	2022
Konsesjonar	29 460 000	29 460 000
Varige driftsmidlar	127 360 735	90 878 180
Varer	239 155 384	476 699 000
Kundefordringar	5 100 888	94 672 807
Sum	401 077 007	691 709 987

Nordsjø Fjordbruk AS deltar som underkonto innehavar i Alsaker AS sin konsernkonto-ordning. Underkonto innehavar kausjonerer som solidarisk sjølvskyldnarkausjonist for dei forpliktingane som Alsaker AS har til ei kvar tid.

Note 7 Varer

Varelager	2023	2022
Råvarer	8 156 384	14 532 000
Varer under tilverknad	230 999 000	462 167 000
Sum varelager	239 155 384	476 699 000



Noter

Nordsjø Fjordbruk AS

Note 8 Mellomvære med selskap i same konsern

Fordringar på selskap i same konsern:

	2023	2022
Kundefordringar	1 398 966	217 028 743
Innskot på konsernkonto	844 635 800	248 844 169
Andre fordringar	0	39 600 000
Sum	846 034 765	505 472 911

Gjeld til selskap i same konsern:

	2023	2022
Leverandørgjeld	246 647 924	267 419 490
Anna kortsiktig gjeld	201 492 700	289 000 000
Sum	448 140 624	556 419 490

Note 9 Aksjonærar

Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antal aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	567946	1	567 946

Eigarstruktur:

Namn	Antal aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker Fjordbruk AS	567 946	100,00 %	100,00 %

Styreleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer indirekte 100 % av aksjane i Alsaker Fjordbruk AS.

Note 10 – Forfallsstruktur langsiktig gjeld

Tal i heile tusen

	2024	2025	2026	2027	2028	Etter 2028	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	499	435	174	0	0	0	1 108
Sum	499	435	174	0	0	0	1 108

Gjeld til kredittinstitusjonar er gjeld knytt til balanseførte leasingavtalar.



Til generalforsamlinga i Nordsjø Fjordbruk AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Nordsjø Fjordbruk AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no


Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 21. juni 2024

PricewaterhouseCoopers AS


Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor